



Meland kommune

Fagforbundet Meland v/ Anita Dale
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/683 - 19/11537

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
23.05.2019

Framhald av anbod for reinhaldstenester ved skulane i Meland frå 2020, ny utlysing

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Anny Bastesen, Fagforbundet Meland v/ Anita Dale, Martin W. Kulild

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE-027, TI-&41, TI-&49	19/683

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
31/2019	Formannskapet	PS	24.04.2019
23/2019	Kommunestyret	PS	15.05.2019

Framhald av anbod for reinhaldstenester ved skulane i Meland frå 2020, ny utlysing

Vedlegg:

Ber om drøftingsmøte med bakgrunn i HA § 1-1(formål), 1-4-2 (konkurranseutsetting) og 3 arbeidsgiver og tillitsvalgte rettigheter og plikter

Krav om at sak om konkurranseutsetting av reinhald vert lagt fram for kommunestyret

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I skriv til ordføraren av 07.03.2019, krev representantar for Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Bygdelista Folkeviljen og MDG at sak om konkurranseutsetting av reinhald i Meland blir lagt fram for kommunestyret. Dei føreset at arbeidet med det nye anbudet blir stoppa til kommunestyret har fått behandla saka. Saka er lagt fram med heimel i kommunelova § 32 nr. 1.

Meland kommune har hatt private reinhaldstenester frå februar 2014 for deler av bygningsmassen. I tråd med budsjettvedtaket i desember 2012, vart reinhaldstenestene for skular, barnehage, rådhus, bibliotek, andre kulturbygg og driftsbygg lyst ut på anbod i 2013. Etter anbodsrunde og verksemdoverdraging starta Vibe, seinare endra til Alliance+, med levering av reinhaldstenester frå februar 2014. Kontrakten mellom Meland kommune og Alliance+ er forlenga og gjeld ut 2019.

På grunn av kommunesamanslåinga har det ikkje vore naturleg frå rådmannen si side å vurdere endringar i reinhaldstenestene for Meland kommune sin del åleine. Programansvarleg i Alver og rådmannen i Meland har vurdert at det er Alver kommunestyre som må vurdere om heile eller deler av reinhaldstenestene skal vere private i framtida – eller ikkje.

Vurdering

Ambisjonsnivået for kommunesamanslåinga, før og etter 01.01.2020, er illustrert slik:



Endring og utvikling av tenestetilbodet er kanalisert til Alver. Sjølve arbeidet med samordning av tenestene i dei tre kommunane fram til 2020 er både omfattande og ressurskrevjande. Målet er først og fremst å etablere løysingar som ivaretar nødvendig drift inn i Alver, utan større endringar utover det som trengs for å komme i mål. Når samordningsprosessane er gjennomført startar teneste- og samfunnsutviklinga for alvor.

Samordning av løysingar som ivaretar nødvendig drift inn i Alver gjeld også reinhaldstenestene. Derfor vurderer programansvarleg i Alver og rådmannen i Meland at dagens ordning blir vidareført, fram til Alver kommunestyre evt har vurdert problemstillinga knytt til privatisering.

Dersom tenestene i staden skal over til kommunal drift igjen, må det startast eit nytt prosjekt som avklarar formalitetane kring eventuell verksemdoverdraging, alternativt utlysing av stillingar for ny rekruttering – samstunde med at vi bygger Alver. Dette fordi verken Lindås eller Radøy kommune i dag har ledig reinhaldspersonell å sette inn, dersom dei private reinhaldstenestene i Meland opphører frå nyttår 2020. Ei overføring av reinhaldet ved dei nemdne bygningane til kommunal drift igjen er elles ei stor endring som skal drøftast med dei tillitsvalde. Vidareføring av dagens drift medfører ingen endringar og har ingen verknader for kommunale arbeidstakarar. Rådmannen har hatt eige møte med arbeidstakarorganisasjonane før saka om framhald av reinhaldstenestene går til kommunestyret.

Dei kommunalt tilsette reinhaldarane i Meland tek hand om sjukeheimen, demensavdelinga (Lerketunet), legesenteret, helsestasjonen og vaskeriet, og har heller ikkje ledig kapasitet å sette inn i den øvrige bygningmassen i Meland. Denne ordninga blir vidareført i Alver.

Kostnadene ved dei private reinhaldstenestene har vore ført på eige ansvar frå 2014. Budsjettet for 2014 var basert på rekneskapan frå tidlegare år. I 2014 var det kommunal drift i januar, deretter er det dei private reinhaldstenestene som heilt og fullt er ført for seg, dvs kostnadene ved kommunen sine eigne reinhaldstenester er ikkje med i tala. Reinhaldsarealet på skulane er dei siste åra vesentleg auka som følgje av utbygginga av Grasdalen og Sagstad skule.

Budsjett- og rekneskapstal går fram av budsjettdokumenta og –rapporteringane:

	2014	2015	2016	2017	2018
Budsjett	6 233 000	4 143 000	4 143 000	4 710 000	4 729 000
Rekneskap	4 287 377	4 081 127	4 281 848	4 648 565	5 024 173

Trass i ein større auke i bygningsmassen, er kostnadene ved reinhaldstenestene som Alliance+ har utført for kommunen hittil lågare enn budsjettet for 2014.

Når det gjeld tilbakemeldingar på utført arbeid frå bygningsbrukarane, er dette m.a. tema på felles møte mellom skulane, barnehagen, teknisk drift og forvaltning og Alliance+. Dette er nyttig for avklaringar av nivå og frekvensar. Det er m.a. flytta ressursar frå reinhald av kontorlokala på rådhuset ut på skulane. Neste gong reinhaldet er tema er på møte 29. april.

Konklusjon

For å ivareta same tenestenivå som før kommunesamanslåinga og sikre nødvendig kvalitet og omfang på reinhaldstenestene også frå januar 2020, vurderer programansvarleg i Alver og rådmannen i Meland at dei tenestene som i dag blir utført av Alliance+ blir lyst ut på nytt for 2 år, med høve til ny vurdering deretter (opsjon + 2 år). I mellomtida har kommunestyret i Alver høve til å drøfte utviklinga også på dette tenesteområdet, til liks med utviklinga av øvrige kommunale tenester.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret i Meland tek saka til orientering.»

Formannskapet - 31/2019

FS - behandling:

Framlegg til vedtak frå AP og SP:

Meland kommunestyre ønskjer at alt reinhald skal utførast av kommunalt tilsette reinhaldarar frå 1.1.2020.

Rådmannen vert beden om å gjennomføre dette, og at det vert nytta verksemdsoverdraging i denne prosessen.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 3 røyster for, (H, FrP, KrF), 3 røyster mot, og fall.

Framlegg til vedtak frå AP og SP fekk 3 røyster for, (2 AP, SP), 3 røyster mot, (H, FrP, KrF), og med ordførar si dobbeltstemme vart dette framlegget vedteke.

FS – framlegg til vedtak (mot 3 røyster):

Meland kommunestyre ønskjer at alt reinhald skal utførast av kommunalt tilsette reinhaldarar frå 1.1.2020.

Rådmannen vert beden om å gjennomføre dette, og at det vert nytta verksemdsoverdraging i denne prosessen.

Kommunestyret - 23/2019

KS - behandling:

Øyvind Bratshaug, FrP fremja rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Meland tek saka til orientering.

Avrøysting:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 16 røyster for, (7 Ap, 3 SP, 3 KrF, 2 MDG, 1 BF), 11 røyster mot, og er såleis vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 11 røyster for, (5H, 3 frP, 1 V, 2 Uavh), 16 røyster mot, og fall.

KS - vedtak (mot 11 røyster):

Meland kommunestyre ønskjer at alt reinhald skal utførast av kommunalt tilsette reinhaldarar frå 1.1.2020.

Rådmannen vert beden om å gjennomføre dette, og at det vert nytta verksemdsoverdraging i denne prosessen.